

---

Vår referanse 2021/19603-2  
Dato 01.07.2021

---

KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET  
Postboks 8013 DEP  
0030 OSLO

## Nullutslepp i verdsarvfjordane - tiltak for å sikre grønne arbeidsplassar i Flåm

Vestland fylkeskommune skal vere med å ruste næringslivet til å møte det grønne skiftet. Omstillinga er økonomisk krevjande og kan ha store konsekvensar for næringsliv og kommunar som er svært avhengige av til dømes cruisetrafikk. I 2018 vedtok Stortinget krav om nullutslepp frå cruiseskip- og ferjer i Verdsarvfjordane seinast innan 2026. For reiselivsbygda Flåm byr dette på ein del utfordringar. Det er ikkje cruiseskip som kan segle utsleppsfritt inn fjorden i 2026 og det er uklart kva tid slike skip vil vere i drift. For Flåm som er avhengig av turistar som kjem sjøvegen krev dette store investeringar. Flåm har fått støtte frå ENOVA til landstraumanlegg med krav om at dette skal vere oppe å gå seinast 1. juli 2022. Sjølv med løyvinga frå ENOVA er det framleis ein stor kostnad for Aurland Hamnevesen og risikoen med investeringa er lagt på bygda og innbyggjarane der.

Det er også gjort vedtak i Stortinget om at Regjeringa skal bidra til gjennomføring av tiltak initiert av lokale og regionale myndigheiter, som reduserer utslepp i verdsarvfjordane (vedtak 690). I tillegg har Stortinget gjort vedtak om at Regjeringa skal føreslå tiltak som sikrar verdsarvfjordane som anløpshamn for cruisebåtar også etter 2026, blant anna ved at staten sikrar etablering av landstraum i Flåm som planlagt innan 2022 (vedtak 691).

Vi har rådført oss med m.a. Aurland Hamnevesen, Aurland kommune og Norways Best, og vi ser at innovasjonshøgda er stor og det er venta at det vil vere eit moglegheitsrom for nullutslepp for store cruise fartøy på sikt. Det vil vere avgjerande å leggje til rette for infrastruktur for ulike former for nullutsleppsteknologi om ein skal lukkast med ei omstilling til nullutslepp og samstundes oppretthalde verdiskapinga i lokalsamfunnet. Konsekvensane for næringslivet er store og solid innsats for å fasilitere omstillinga er nødvendig. Ei slik satsing bør sjåast i samheng med utviklinga av norsk innovasjonskraft og unik kompetanse på feltet fornybar energi og infrastruktur.

For å sikre framdrift i arbeidet er ein avhengig av gode løysingar frå statleg hald. Vi ber om at departementet sikrar etablering av landstraum til cruise i Flåm innan 2022 så snart om råd. Det vil vere ein premisse for vidare satsing på nullutsleppsteknologi lokalt. Vestland fylkeskommune ber om eit snarleg skjermmøte med Klima- og miljødepartementet for drøfting av gode løysingar og tiltak i lys av det utfordringsbildet som her er sett fram.

Med helsing

Jon Askeland  
fylkesordførar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*